



# LUFTFORSVARET TIL KNARVIK

SIDE 15

# DEN FARLEGE SOMMAREN



# nh nordhordland

-avisa for distriktet

Lørdag 26. mai 2012 • Nr. 41 • Veke 21 • Årgang 37 • www.nordhordland.no Laussal kr 20,-

SIDE 16-17



## ETABLERER SEG på Mjåtveit

SIDE 8




Vil legga ned **Austrheim VGS**

SIDE 4

# KREV rettferdig løn



Velkommen til **LINDÅSDAGANE** 2.-3.juni

LINDÅSSENTER  
- ein trivleg møteplass for liten og stor

Fagforbundet i Lindås har tatt ut 53 av sine medlemmar i kommunesektoren i streik. I tillegg har 18 tilsette ved NGIR lagt ned arbeidet. Om det ikkje vert semje i løpet av pinsen, står 69 nye medlemmar klare til å gjera det same. Krava frå forbundet er mellom anna rettferdig og anstendig løn, samt fleire heile og faste stillingar.

Side 6-7

• Vann • Varme • Sanitær • Varmepumper



**Hjelmås VVS** AS  
Tlf. 56 35 40 50 • e-post: hjvvs@hjelmaas.no  
www.hjelmaas.no



**MITSUBISHI HEAVY INDUSTRIES LTD.**  
Luft-varmepumper



Varmepumper for vannbåren varme



- 1750m<sup>2</sup> med trening.
- Store, luftige lokaler.
- Ca.35 gruppetimer i uka.
- Stor kondisjon og styrke avdeling.
- Store garderøber med dusj og badstu.
- Treningsveiledning og PT.
- Gratis Juniorklubb.
- Resepsjon med shop.

sprekogblid<sup>no</sup> Knarvik  
Studio Nor Treningssenter, Tlf: 56 35 64 64, www.sprekogblid.no

2005 - heilt enkelt

**NHTIPS** etterfølgd av tekst - ev.bilde



nh nordhordland  
- avisa for distriktet



**Vil ta omsyn**

**LINDÅS:** Levekårsutvalet i Lindås ber om at det blir tatt omsyn til beubvarar go mjuket trafikantar ved etableringar av Nilshøyen bustadfelt på Seim. Eit forslag om å fjerna den planlagde vegen vart nedstemt. Utvalet ber om at det blir sett på alternativ løysing.

**Fylkesmannen kjem**

**MELAND:** I anledning samordna areal- og transportplan for bergensområdet har fylkesmannen sagt ja til å besøka Meland kommune i formannskapsmøtet 22.august. Lindås kommune vert også invitert til å delta på dette møtet.

**Mista vatnet**

**FEDJE:** Fedjingane mista vatnet i fem timar denne veka- Det oppstod uforutsette problem i samband med reingjering av vassverket mandag og tirsdag. Kommunen er lei for ulempene dette medførte i den fine sommarvarmen. Feilen er reparert.

**Næringsdebatt**

**MASFJORDEN:** "Korleis auka og styrka næringslivet i Masfjorden". Det er temaet når kommunen inviterer næringslivsaktørar, politikarar og andre interesserte til diskusjon i kommunestyresalen førstkomande tirsdag. Kommunen skal rullera næringsplanen.

# Stort vaskefirma til parken

**MELAND:** Byggrengjøring AS med sine rundt 50 tilsette skal inn i næringsparken på Mjåtveit.

**ARTHUR KLEIVELAND**  
arthur@nordhordland.n

Verksemda har kjøpt ein tre dekar stort tomt i Mjåtveit Næringspark, og skal etter planen vera på plass innan april neste år. Byggrengjøring AS held i dag til i Knarvik.

**Bygger nytt**

Byggrengjøring AS vil no samla verksemda si med kontor, lager og vaskeri under eitt tak i næringsparken, bortsett frå renseriet som blir verande i Knarvik senter.

–Samtidig vil dei leiga ut lokale til anna næringsverksemd, seier dagleg leiar Lene Haug i Mjåtveit Næringspark AS.

Haug fortel at tomtesalet kom i stand som eit resultat av eit samarbeid mellom næringskonsulent Vidar Aasebø i Meland kommunen og Jan Ove Bergesen, som står bak Byggrengjøring AS.

**Fleire hundre arbeidsplassar**

Fleire bedrifter med ein god del tilsette har bestemt seg for å etablera seg i næringsparken på Mjåtveit. Det siste skotet på stammen, Byggrengjøring AS har ca 60 tilsette. Frå før er det klart at trykkeriverksemda Unigrafisk med 15-16 tilsette, som i dag held til sentralt på Frekhaug, skal inn i næringsparken. Transportselskapet Borlaug og Brosvik Transport har også kjøpt tomt her. Dette er eit selskap med ca 20 tilsette som i dag held til i Lindås.

Etter kvart kan det koma fleire hundre arbeidsplass med base i Mjåtveit næringspark. Dagleg leiar Lene Haug utelukkar ikkje at det 100 dekar store næringsområdet kan vera fullt utbyggt i løpet av 5-7 år.

**Reinsepark**

Arbeidet med å tilrettelegga næringsparken på Mjåtveit er godt i gang.

–Vi har gått i gang med vegkrysset inn til næringsparken, og starta arbeidet med å bygga ein akvatisk reinsepark med etterfølgjande fangdammar som skal ta inn all avrenning frå næringsparken, fortel Lene Haug.

**Tar på alvor**

–Vi tar utfordringa med forurei-

## Byggrengjøring AS flyttar til Meland



**TILFREDS:** Lene Haug, dagleg leiar i Mjåtveit Næringspark i Meland, er svært tilfreds med at Byggrengjøring AS med sine ca 60 tilsette skal inn i næringsparken.

ning på høgste alvor. Ved å bygga desse barrierane sikrar vi at det ikkje kjem partiklar frå sprengstein og liknande til Mjåtveitvelva, seier Haug. Situasjonen for elve-

muslingen i Mjåtveitvelva er kritisk, og det er nødvendig med tiltak for at ikkje den skal bli utrydda.

–Så raskt desse tiltaka er

gjennomført held vi fram arbeidet med å planera tomtane, seier Lene Haug.

Det er entreprenørselskapet Vassbak og Stol som har arbeidet

med tilrettelegginga av næringsparken.